

Referat frå SMU-møte 02.11.2022

Til stade:

Elev: Teodor, Crister, Thea (ikkje til stade)

Føresette: Kristina F. Nicholls, Ragnhild Vad (ikkje til stade), Sondre A. Selle (ikkje til stade)

Tilsette: Tone Beate Nordfonn (lærer), Nina Lysen (SFO-leiar)

Kommunen: Linda Grundtvig (politikar), Kesia Palmer (rektor)

Saksliste	Ansvar	Referat
Velkommen Presentasjonsrunde	Rektor	
Orientering om SMU	Rektor	Rektor oreinterer om samansetjing av Skulemiljøutvalet og deira oppgåver. Samarbeidsutvalet fungerer som Skulemiljøutval. SU vert då utvida med 1 foreldre og 1 elev.

Opplæringslova:

§ 11-1a. Skulemiljøutval ved grunnskolar

Ved kvar grunnskole skal det vere eit skulemiljøutval. I skulemiljøutvalet skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skoleleiinga og kommunen vere representerte.

Skulemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.

Samarbeidsutvalet kan sjølv vere skulemiljøutval. Når samarbeidsutvalet fungerer som skulemiljøutval, må det oppnemnast tilleggsrepresentantar for elevane og foreldra, slik at dei samla får fleirtal.

Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av lovfesta teieplikt blir behandla i skulemiljøutvalet. Når elevane ikkje er til stades, skal foredrerepresentantane ha dobbeltstemme tilsvarande bortfallet av elevrepresentantane sine stemmer, eller talet på foredrerepresentantar aukast tilsvarande.

Skulemiljøutvalet skal medverke til at skolen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø. Skulemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulemiljøet, jf. kapittel 9a.

Kapittel 9a. Elevane sitt skulemiljø

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skulemiljo/>

SMU konstituerer seg	Rektor	Leiar: Tone Beate Nordfonn Nestleiar: Kristina F. Nicholls Referent: Kesia Palmer
Møteplan	Leiar	4 møte i året ok. Kallar inn til fleire ved behov. Legg dei rett etter FAU-møta.
Satsingsområde 2022-2025	Rektor	Kompetanseløfte for spesialpedagogikk og inkluderande praksis <ul style="list-style-type: none"> - Inkluderande praksis - Overgangar - Fleirlærarmetodikk - Barnets beste Elevane sitt psykosiale miljø: <ul style="list-style-type: none"> - Ulike aktivitetstilbod i midttide/friminutt - Kanonball turnering og volleyballkamp - TL-programmet - Juleverkstad - Gulsamling - Litlabø grand prix - Månadsamling - Musikk i friminutta - Trivselestiltak i kollegiet - Felles sosiale mål for heile skulen
Satsingsområde SFO	SFO-leiar orienterar	Rammeplan 27 elevar i dag 15 elevar i 1. klasse Ulike aktivitetar Tur kvar tysdag Bruker gymsalen ein del Data ein dag i veka (nytt i rammeplan) «Smelting» kvar fredag Opptatt av medbestemmelse blant borna i SFO (nytt i rammeplan) – dei er med å vel aktivitetar
Arbeid i FAU	FAU-representant orienterer	Satsingsområde dette skuleåret: Spårbruk

Arbeid i Elevrådet	Elevrådsrepresentantane orienterar	<p>Hatt to møter i haust:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ønske om nokre endringar på uteområde - Ønske om nye bøker på biblioteket - Ønsker tak over sykkelstativ - Ønsker klatreknottar på det sotre treet på haugen - Feste nettet i ballbingen (kanskje få kjetting i staden?) - Berre fotball i ballbingen - Inne 15 minutt (spele på PC) <p>For fleire saker, sjå referat under elevråd på skulen si nettside</p>
Foreldreundersøkinga Elevundersøkinga	Rektor orienterer	<p>Gjennomføringsperiode veke 48 og 49. Pizza til det trinnet med høgast svarprosent på foreldreundersøkinga. FAU prøver å bidra til god oppslutning innad i sine Facebook-gruppe. Frist 09.12.22. Avdelingsleiar gjennomfører elevundersøkinga på trinna i storskulen i veke 48. Me analyserer resultatata på neste møte.</p>
Ymse	Rektor orienterer	Tilskuddsportalen – søke midlar til skulemiljø ute

Referent: Kesia Palmer